



# Årsmelding 2023 Kvinnherad Turlag



Jubileumsfesten 4.november 2023, Rosendal Samfunnshus



## Innhold

<b>ÅRSMELDING 2023 KVINNHERAD TURLAG .....</b>	<b>1</b>
ORGANISASJONEN .....	3
ÅRSMØTET .....	4
ARBEIDET I STYRET .....	4
JUBILEUMSFEST .....	5
TELLTUR .....	6
POSTKASSETRIMMEN .....	6
AKTIV I 100 .....	6
LAGERET .....	6
TURLEIARANE .....	6
TURLEIARSAMLINGAR .....	6
KONFERANSAR OG MØTE .....	6
KURS .....	6
DUGNADSTIMAR .....	7
AKTIVITETAR .....	7
DELTAKARTAL PER GRUPPE .....	10
KVINNHERAD FJELLTRIM .....	12
ÅRSMELDING FOR BARNAS TURLAG, 2023 .....	14
ÅRSMELDING FOR TURBOKLUBBEN HUSNES, 2023 .....	14
DNT UNG KVINNHERAD .....	15
ÅRSMELDING 2023 SENIORGRUPPA .....	16
ÅRSMELDING FJELLSPORTGRUPPA .....	17
HYTTETILSYN FAGNABU .....	18
ÅRSRAPPORT FOR HYTTEUTVALET BREIDABLIKK OG FONNABU 2023 .....	19
REKNESKAP .....	22
BUDSJETT .....	23

## ORGANISASJONEN

### Styret har vore samansett slik:

Leiar:	Jarle Røstbø
Nestleiar:	Hans Bertin Hjortland
Kasserar:	Merete Hersvik
Styremedlem:	Grete Solheim
Styremedlem:	Anne Kari Enes
Varamedlemmer:	Mari Teigen Varanes Tor Hveem Helge Furdal
Revisorar:	Kirsten Hellingsrud Tor Øystein Havnerås
<a href="#">UNDERGRUPPER</a> <a href="#">Barnas Turlag</a>	
Leiar:	Vigdis Gammelsæther
Styremedlemmer:	Lise Egeland Silje Øye Tanja Markhus Miomir Milenkovic
<a href="#">DNT Ung</a>	
Leiar:	Jan Øvstebø
Styremedlemmer:	Bertine Johnsen Medhus Ingrid Enes-Slettebakken Anna Framnes-Thoresen Ingrid Eik Arnevik Kristian Øvstebø Andre Øvstebø
<a href="#">Seniorgruppa</a>	
Leiar:	Arnt Orholm
Styremedlemmer:	Jan Martin Skaaluren Toril Tjelmland Jan Helge Opsanger Sigmund Spjelkavik

<a href="#">Fjellsport</a>	
Leiar:	Benjamin Hus Ripel
Styremedlemmer:	Mona Eikemo Røstbø Vilde Tveito Emil Stafsnes

<a href="#">Hytteutval for Fonnabu og Bredablikk</a>	Anne Kari Enes, kontaktperson Nils Gausvik Siv Framnes Helge Furdal Geir Eidsvik Geir Nes Ole Vidar Monsen Rolf Christian Mehl
<a href="#">Valnemnd</a>	Tove Omdal Mari Teigen Varanes Karin Thauland

## Årsmøtet

Årsmøte vart halde torsdag 2. februar 2023 i Dinosaur-huset, Steinparken i Rosendal.  
Registrert frammøte: 24 medlemmer. Bjørnar Sørensen, som er styremedlem i BHT representerte moderlaget.  
Jarle opna møtet og ynskte velkommen.  
Magne Heien les dikt frå den siste dikt-utgåva si, Gjest.

Møtet vart kunngjort i begge lokalavisene Grenda og Kvinnheringen, og på turlaget si nettside fire veker før møtet.

Årsmøtet handsama vanlege årsmøtesaker, årsmelding, rekneskap, budsjett, val, i samsvar med innkallinga.

## Arbeidet i styret

Me har hatt 10 styremøte i 2023. Vi har veksla på å ha styremøta på Husnes og i Rosendal.  
Gruppeleiarane vart også kalla inn til styremøta. Det er greit å få snakke med alle gruppene.

Av saker styret har handsama kan nemnast:

Vidareføring av fire Aktiv i 100-grupper, arbeid med å skaffe midlar og rapportering.

Samarbeid med Friluftsrådet Vest om Tell Tur-registrering.

Styret skriv og diverse søknader om tilskot til ulike prosjekt. I år arbeidde vi ein del med å markera 25-årsjubileum og sökte mellom anna om og fekk tilskot til Jubileumsfesten. Turlaget mottok kr. 30.000,- frå Sparebanken Vest.  
Turlaget fekk midlar frå Kvinnherad kommune til drift.

Igangsetting av Kvinnherad Fjelltrim digital registrering i appen Postkassetrimmen gjennom midlar vi fekk tildelt i -22. Kvinnherad Fjelltrim går som vanleg med 5,10,15 og 20-årspremiar. No er den også lagt under Postkassetrimmen

Drift og vedlikehald av Dagsturhytte ved Nautavatnet (Fagnabu). Dagsturhytta ved Nautavatnet (Fagnabu). Turlaget har hatt ansvar for tilsyn og drift i samarbeid med kommunen sidan opninga av hytta i oktober 2022. Sjå eiga årsmelding.

Kvinnherad Turlag har avtale med Økoringen om føring av rekneskapet.

Jan M. Skaaluren og Tor Hveem har vore aktive pådrivarar i overgangen til "Nye DNT" digitalt, i samband med overgangen og innføring i nytt aktivitetssystem og nettside.

Det har vore arbeid med arrangementet Jubileumsfesten

Kvinnherad Turlag fylte 25 år i 2023, dette vart markert med eit større jubileumsarrangement i Rosendal Samfunnshus.

Foredrag med Jens Kvernmo og middag. Fullt hus ca 185 påmeldte, middag frå Bra lunsj, kaker og kaffi. Taler, leikar. Konferansier Mari Teigen Varanes.

I juni vart det arrangert jubileumstur til og ved Fagnabu, Nautavatnet. Det vart arrangert fleire turar langs ulike trasear.

Kva har skjedd i Kvinnherad turlag i 2023?

Me har i lag med Fjellhaugen skisenter starta arbeidet med utbetring av traseen frå Bjørkestølen til Fagnabotn for betre og sikrare løypetrase, i tillegg til betre sti vidare til Fagnabu og Nautavatnet.

Det har vore planlagt og arrangert mange fine turar til fots, i kajakk og på ski.

Turboklubb er godt etablert og er ein suksess, sjå eiga årsmelding vedlagt.

Aktiv i 100 held fram som før.

To av styremedlemene, Hans Bertin Hjortland og Anne Kari Enes, er med i Fagleg rådgjevande utval for Folgefonna nasjonalpark.

Styret i samarbeid med kursleiarane i turlaget har sendt Høyringsuttale til Handlingsplan for sikkerhet i DNT 2022-2025.

Me fekk igjen arrangert opptur for 8 klassingane 3 mai i godt turvêr.

Styret har skrive fleire høyringsfråsegner.

Bl.a. høyring om forslag til endring av forskrift i Hattebergsdalen landskapsvernområde i samarbeid med naturvernansvarleg i BHT.

Høyringsfråsegn til NVE om Mauranger 2 utbygginga.

[Høyringsuttale Kvinnherad Turlag](#)

Kvinnherad-kula var i 2023 i sin tredje sesong, det er ei julekule som kvart år kjem med eit motiv av eit fjell, eit kjent turmål eller ei bygd, i år var det Husnes i nordlys som pryda kula . I 2021 Melderskin og i 2022 var Bondhusvatnet motiv. Kvinnherad turlag fører rekneskap med produksjon og hjelper til ved sal og utlevering.

## JUBILEUMSFEST

Pressekipp frå lokalavisa Grenda



Jens Kvernmo underheldt på 25-årsfesten til Kvinnherad turlag. Foto: Morten Nygård



Om lag 200 tok turen til Rosendal samfunnshus laurdag kveld. Foto: Morten Nygård



Jarle Røstbø (t.v.) er dagens leiar av Kvinnherad turlag, medan Terje Hellingsrud var den fyrste. I mellom der har også Anne Kari Enes og Kjell Yri styrt skuta. Foto: Morten Nygård

## TellTur

TellTur er Friluftsråda sitt system for å registrera turbesøk og er basert på ein kode for kvart turmål. Kvar tur har poeng etter ei gradering.

Kvinnherad Turlag sitt samarbeid med Friluftsrådet Vest om TellTur har i 2023 halde fram. Det er 14 telltur-mål i Kvinnherad. Svartaberg(ny), Hattebergdalen(ny), Bremstølvatnet(ny), Vikefjell(ny), Nautavatnet, Handelandsdalen, Ingahogg, Gråskallen, Melderskin, Ulvana, Malmangernuten, Ænesssøtra, Sjethaug og Ølveshovda.

Totalt er det registrert 578 turar på dei 14 forskjellige turmåla, av 214 forskjellige turgårar. Sjethaug hadde flest besøk med 123 innsjekk.

## Postkassetrimmen

Me søkte i 2022 Sparebankstiftinga om midlar for at bygdelaga/idrettslaga i kommunen kunne få dekka utgiftene med bruken av applikasjonen postkassetrimmen til fjelltrimmane sine, det vart vidareført til 2023.

## Aktiv i 100

Denne aktiviteten er i utgangspunktet eit tilbod som har litt lågare terskel enn dei vanlege seniorturane. Det er DNT, Røde Kors og Helsedirektoratet som i samarbeid står bak denne ordninga. I 2023 hadde vi 4 grupper med Aktiv i 100.

For 2022 og 2023 fekk Kvinnherad turlaget ikkje utbetalt midlar til drifta av Aktiv i 100, utgiftene blir dekka 100% av KVT. Gruppene er 1. Ølve og Hatlestrand, 2. Handeland og Sandvoll, 3. Husnes, og 4. Rundt i Kvinnherad på onsdagar. Sjå meir om Aktiv i 100 i årsmeldinga frå Seniorgruppa.

## Lageret

Vi har avtale med Kvinnherad kommune om å nyta eit kjellarrom på Stølen i Uskedalen til lager. Ordninga fungerer bra. Men Kvinnherad Turlag er på utkikk etter eit permanent lager i laget si eige.

## Turleiarane

I -23 planla kursleiarane eit sommarturleiarkurs. Dette vart ikkje avvikla grunna litt litra interesse blant dei som er grunnleggande turleiarar. Vi treng å rekruttera og behalde turleiarar på alle trinna på turleiarstigen.

## Turleiarsamlingar

Vi har gjennomført tre turleiarsamlingar i år.

26.januar turleiarsamling i Folgefonsenteret med besøk av professor Jostein Bakke som hadde foredrag om Folgefonna si framtid. Det var utdeling av premiar for fullført Kvinnherad fjelltrim etter 5,10,15 og 20 år.

22.mai var det også samling for turleiarar og medlemmer i Folgefonsenteret. Jan Kocbach heldt kurs i kart og GPS på mobil. Dette var nyttig og relevant.

25. september var vi igjen samla på Folgefonsenteret for å starte arbeidet med turane for 2024. Brynjar Stautland heldt føredrag for oss om Geopark Sunnhordaland. Geopark Sunnhordaland ønskjer eit samarbeid med turlaga i regionen om å formidle kunnskap og arrangerar turar i området.

## Konferansar og møte

I februar arrangerte BHT Turlaiarsamling for vinterturleiarar på Hallingskeid, frå KTL deltok Mona Eikemo og Jarle Røstbø.

DNT Fjellsport arrangerer årleg fjellsportkonferanse, denne var i Voss i mars. Mona E Røstbø deltok frå fjellsportgruppa.

BHT arrangerer to fellesmøte i året for lokallag og BHT. 15.mars var det første fellesmøtet, Jarle Røstbø deltok digitalt.

Kursleiarkonferanse på Haukeli i november. Dette er ei årleg samling/kurs for kursleiarar i DNT. Kjell Yri, Anne Kari Enes, Gunnlaug V Tjelmeland og Jarle Røstbø.

Fellesmøte mellom lokallaga og BHT vart halde på Hotel Ullensvang 11.-12.november. Jarle Røstbø og Hans Bertin Hjortland deltok for KTL og Grete Solheim deltok som styremedlem i BHT.

Anne Kari Enes er redaksjonsmedlem i medlemsbladet til BHT, Sti og Varde.

## Kurs

Turleiarane og frivillige er grunnlaget for all aktivitet i turlaget. Vi ser det som viktig å ha jamlege samlingar med aktuelle tema og å kunna tilby kurs lokalt og sentralt for å ha kompetente turleiarar. Turlaget dekkjer kurskostnader og reise til kurs for dei som er aktive turleiarar i laget. Det vart planlagt 2 førstehjelpskurs for seniorgruppa i januar -24.

BHT arrangerte førstehjelpskurs / fjellmedisin 16 t. Grete Solheim deltok frå KT.

KURS / UTDANNING	Planlagt	Gjennomført	Deltakartal
Turleiarsamling Kt	3	3	65
Førstehjelpskurs Kt	0	0	0
DNTs kurslederkonferanse	1	1	4 (frå KTL)
Grunnleggjande turleiarkurs	0	0	0
Sommarturleiarkurs	1	0	0
Ambassadørkurs Kt	0	0	0
Nærturleiarkurs	0	0	0
Fjellmedisinkurs	0	0	0
Vinterturleiarkurs	0	0	0
Kajakkurs Kt i samarbeid med Perlo kajakklubb,	1	1	
Fjellsportkonferanse (DNT)	1	1	1 frå KT
Sherpa-kurs	1	0	0
Grunnleggande førstehjelp for friluftsliv (BHT)	1	1	1 frå KT
<b>SUM</b>	<b>8</b>	<b>7</b>	<b>71</b>

## Dugnadstimar

	Komite og styrearbeid	Turleiing og instruksjon	Anna	Totalt
Antal timer	1983	1843	2144	5970

## Aktivitetar

Kvinnherad Turlag tilbyr aktivitetar til dei fleste: barnefamiliar, ungdom, vaksne og seniorar. Nivået på turane varierer frå lett til krevjande.

### Turprogrammet Ta Turen 2023

Turprogrammet var produsert og trykt opp i 2000 eksemplar som vart sendt ut til alle medlemmer i Kvinnherad. Programmet var på 8 sider og inneholdt Fjelltrimkortet. Gode støttespelarar bidrog til inntekter, i alt selde vi 11 logo-annonsar. Hovudlaget, barnas turlag, dnt ung, fjellsport og seniorgruppa presenterte ein "kortversjon" av turprogrammet, medan meir omfattande turinformasjon og omtale vart presentert på dnt.kvinnherad.no. All påmelding til turane føregjekk via nettstaden.

### Oversikt over gjennomførte turar og deltakartal 2023

Gruppe	Tur	Deltakararar
Hovudlaget	5.3. Måneskinnstur på ski, Mjelkhaug	Avlyst

	2.4. Vårskitur til Ulvanosa	31
	12.4. Paddetur i paringstid, Bjellandstjødno	14
	29.-30.4. Skitur over Folgefonna til Rosendal via Fonnabu	18
	5.5. Sol og måneskinnstur til Alvaldsnuten, ski	12
	28.5. Skitur på Folgefonna	Avlyst
	11.6. Til Fagnabu frå "alle" kantar. Start frå Åkre, Bjørkestølen og skisenteret via Ingahogg	50
	18.6. Skorpo på langs	9
	24.-25.juni Historisk vandrerute over Folgefonna. Bondhus-Odda	23
	4.-6.8. Verdsarvmarsjen, Nærøyfjorden fottur og kajakk	14
	11.-13.8. Stranddalen, perla i Ryfylkeheiane	Avlyst
	19.8. Langs den eldste turistruta til Folgefonna. Austrepolen - Mysevatn	11
	1.-3.9. Hallingskeid -Geiteryggen - Finsehytta	Avlyst
	<b>Total Hovudlaget</b>	<b>182</b>
DNT Ung	11.-12.2. Svartatjødno	Avlyst
	18.3. Slalom, Røldal skisenter	9
	3.5. Opptur 8.klasse alle ungdomsskulane	184
	2.-4.6. Kajakktur i øyriket rundt Halsnøy	7
	26.-27.8. Sykkeltur i Blådalen	Avlyst
	<b>Total Dnt ung</b>	<b>200</b>
Barnas Turlag	22.4. Bogsnesåsen	10
	Husmannsplassen Holo, Bjelland, vår -23	6
	13.mai Arrangement i samarbeid m Folgefonsenteret. Fiskekonkurranse, krabbefiske, strandbingo.	20
Barnas Turlag Turboklubb	14 gjennomførte turar	255
	<b>Total Barnas turlag</b>	<b>291</b>
DNT Fjellsport	16.4. Skitur Englafjell, Mjelkhaug, Handelandshorga	21

	3.-4.6. Folgefonna, skitur. Overnatting under hidler	Avlyst
	22.7. Juklavasskruna	Avlyst
	26.8. Bjørndalstindane	Avlyst
	2.9. Bjørndalstindane	Avlyst
	<b>Total Fjellsport</b>	<b>21</b>
Seniorgruppa	Hattebergsdalen (Rosendal)	41
	Klostermarka (Halsnøy)	46
	Erslandsvatnet (Sandvoll)	37
	Fatland/Sydnæssåta (Halsnøy)	37
	Kjeldestøl/Skålafjell/Sjethaug	32
	Borgundnuten	30
	Postvegen Etne – Skånevik	24
	Kviteggjo (Seim – Omvikdalen)	20
	Blånuten (Hatlestrand)	21
	Bjørndalssetra (Rosendal)	21
	Aterstad/Klovet (Omvikdalen)	13
	Liseth (Hytteovernatting)	28
	Jonstein (Jondal)	18
	Jordalsstølen (Odda)	31
	Sanden, Bondhusvatnet (Sundal)	8
	Bjellandsneset (Sunde)	21
	Fjellandsbø (Uskedalen)	24
	Daurmålshaug (Ænes)	34
	Opsangereneset/Toraksla (Sunde)	34
	Kaldestadåsen (Husnes)	51
	<b>Total Seniorgruppa</b>	<b>571</b>

## Deltakartal per gruppe

Gruppe	Planlagte turar	Gj.førte turar	Deltakartal
Hovudlaget	13	9	182
DNT Ung	5	3	200
Fjellsportgruppa	5	1	21
Kajakk	2	2	21
Seniorgruppa	21	21	571
Aktiv i 100 (inkl. seniorgruppa)	129	129	2758
Barnas Turlag	3	3	36
Barnas Turlag, Turboklubb	14	14	255
<b>Total antal deltagarar</b>	<b>189</b>	<b>179</b>	<b>4044</b>

### Deltakartal sidan 1999

fordelt på talet på gjennomførte arrangement – (tal i parentes):

Årstal	Dagsturar	Helgeturar	Kajakkturar	Opptur	Innandørs klatring
1999	76 (3)	96 (5)			
2000	139 (7)	54 (4)			
2001	108 (5)	95 (4)			Ikkje reg.
2002	132 (7)	105 (4)			Ikkje reg.
2003	106 (5)	106 (6)			230
2004	118 (8)	77 (5)			500
2005	347 (9)	113 (7)			469
2006	145 (12)	105 (6)			479
2007	384 (7) *	57 (5)	52 (5)	200	477
2008	337 (7) *	68 (4)	67 (6)	200	227
2009	141 (12)*	88 (7)	42 (5)	160	0
2010	202 (8)	80 (4)	33 (3)	185	0
2011	83 (7)	56 (4)	34 (2)	216	
2012	177 (9)	114 (8)	10 (1)	180	
2013	78 (5)	90 (6)	37 (4)	216	
2014	32 (4)	90 (6)	56 (4)	216	Aktiv i 100

2015	60 (5)	66 (3)	39 (3)	215 (1)	
2016	177 (12)	38 (4)	41 (3)	220 (1)	694 (48)
2017	49 (5)	78 (6)	35 (3)	200 (1)	1485 (95)
2018	57 (6)	88 (9)	25 (2)	210 (1)	2325 (125)
2019			20 (3)	210 (1)	2726 (125)
2020	57(3)	13(1)	17(2)		1414(70)
2021	99(8)	12(2)	10(1)		2393(122)
2022	68(5)	57(5)	10(1)	180(1)	2641(126)
2023	127 (6)	55(3)	21 (2)	184(1)	2758(129)

#### Undergruppene

ÅR	Barnas Turlag	Fjellsportgruppa	Seniorgruppa	DNT Ung
1999	ikkje reg. (2)	0		
2000	Ikkje reg. (5)	0		
2001	66 (5)	35 (5)		
2002	209 (5)	36 (4)		
2003	134 (3)	41 (6)		
2004	217 (4)	21 (2)		
2005	363 (6)	22 (3)		
2006	128 (5)	23 (4)		
2007	112 (4)	25 (2)	89 (8)	
2008	226 (12)	59 (5)	142 (11)	
2009	253 (5)	18 (3)	135 (12)	
2010	221 (4)	15 (2)	104 (11)	
2011	94 (4)	22 (3)	197 (14)	
2012	131 (3) (92 kom deg ut dagar)	11 (2)	193 (13)	
2013	405 (4) (315 på kom deg ut-dagar)	21 (2)	212 (14)	
2014	770 (3 og 2 KDU-dagar)	33 (1)	257 (16)	
2015	578 (3 og 2 KDU-dagar)	38 (4)	296 (14)	
2016	564 (3 og 2 KDU-dagar)	0	315 (15)	16 (2)
2017	616 (350 på KDU-dagar)	1	473 (18)	10 (1)

2018	536 (2 og 475 på 2 KDU-dagar)	13 (2)	475 (17)	20 (4)
2019	333 ( 2 + 2 KDU)	38 (2)	572 (15)	20 (4)
2020	110 (3+1KDU)	15(3)	193(8)	39(3)
2021	75(3)	40(3)	477(18)	NA
2022	215(6+1KDU)	40(3)	511(19)	16(3)
2023	255 (14 Turboklubb-turar) +36 (3 barnas turlag-arr.)	21(1)	571(21)	16(2)

## Kvinnherad Fjelltrim

Kvinnherad turlag, idrettslaget i Kvinnherad, bedriftsdir. laget Hydro og lokale bygdelad har lagt ut registreringsbøker og klyppetenger på 16 ulike turmål. Kommunen er inndelt i 8 ulike område med to turar i kvart av dei. Kravet til fullført fjelltrim er at ein registrerer seg på minst fem turmål i tre ulike område. Turane som inngår er Ulvanosa (Høetinden), Feto i Handelandsdalen, Mjelkhaug, Gråskallen, Geitadalstind, Kviteggjo, Melderskin, Skålafjell, Ænessetra, Breidablikk, Varden (Varaldsøy), Blånuten (Hatletsrand/Ølve), Borgundnuten, Tjodberghaugen, Ingahogg, Svelgabreen/Botnabreen.

Årstal	Deltakartal	Totalt turar gått
2003	68	487
2004	96	722
2005	129	865
2006	109	841
2007	99	691
2008	84	628
2009	100	646
2010	91	625
2011	96	663
2012	58	393
2013	72	491
2014	64	453
2015	61	392
2016	62	509
2017	58	392
2018	69	526
2019	64	506

2020	61	486
2021	46	357
2022	39	273
<b>2023</b>	<b>106</b>	<b>556</b>

Deltakartala syner ein god framgang etter innføring av digital registrering via appen Postkassetrimmen.

#### Medlemstal 2023

Dei to siste åra har det vore ein svak nedgang i medlemstala i kvinnherad Turlag.

På slutten av 2021 veit me det var fleire som ønska å melde seg inn men det lot seg ikkje gjere, det var då eit problem sentralt med overgang til nytt datasystem.

Slik har utviklinga av medlemstala vore sidan starten 1998:

År	Hoved	Ungdom	Hon Nør	Hus- stand	Barn	Livs- varig			TOTAL	
1998									327	
1999									353	
2000									425	
2001	299	11	19	84	48	4			455	
2002	296	13	25	94	35	4			467	
		Stud	Skule							
2003	289	21	25	31	94	41	4		495	
2004	315	14	25	34	106	48	4		548	
2005	338	16	30	40	108	45	5		582	
2006	341	25	40	37	115	47	5		610	
2007	354	21	46	39	118	49	4		631	
2008	362	18	48	46	123	50	4		651	
2009	366	18	51	43	132	64	4		678	
2010	353	22	45	50	139	64	4		677	
2011	338	22	38	57	136	60	3		654	
2012									687	
2013	352	20	31	76	152	97	3		731	
2014	355	20	34	89	157	103	3		761	
2015	373	21	46	105	175	94	3	Familie Hoved	Familie Husstan	817
2016	330	17	31	111	154	61	2	37	139	882

2017	304	17	24	134	156	54	2	50	180	921
2018	289	21	24	149	151	50	2	64	216	966
2019	293	26	18	158	153	50	2	62	200	962
2020	280	24	17	175	154	42	2	60	193	947
2021										915
2022										896
Alder	0-12	13-18	19-25	26-40	41-59	60-66	67+			
2023	89	54	43	77	255	132	231			881

## Årsmelding for Barnas Turlag, 2023

Det var planlagt nokre fine aktivitetar for vår-halvåret med god deltagning. I april arrangerte barnas turlag ein tur til Bogsnesåsen, Husnes, med turbingo for born i alderen 6-9 år. Her deltok 10 born.

Vidare arrangerte gruppa ein tur til Husmannsplassen Holo på Bjelland for 6 deltagarar.

I mai samarbeidde Barnas turlag med Folgefonsenteret om ein aktivitetsdag ved sjøen. Her var det lagt opp til fine aktivitetar slik som fiskekonkurranse, krabbefiske og strandbingo. Her deltok i alt 20 born og deira foreldre.

Barnas turlag er godt fornøgde med samarbeidet med besøkssenteret. Aktiviteten fekk god dekning i pressa.

Barnas turlag har si eiga Facebook-side der dei legg ut informasjon om sine turar.

## Årsmelding for Turboklubben Husnes, 2023



Bilete: Kveldsmat på Bogsnesåsen, november 2023. Foto: Mari Teigen Varanes

Turboklubben Husnes er ein fritidsklubb der barn og vaksne er på tur. Fokuset er på natur, friluftsliv og å vere saman ute. Me har tur annankvar torsdag, 16.45-18.15. Turane inneheld ofte leik, bål og kveldsmat, og føregår i nærområda våre (maks 15 minutt køyring frå Husnes). Turane er tilpassa barn i barnehagealder og tidleg skulealder.

Turleiarane i Turboklubben Husnes er Anne Marthe Grønstøl og Mari Teigen Varanes.

I 2023 har me hatt 14 turar, og til saman 255 turdeltakarar.

## DNT Ung Kvinnherad

DNT Ung Kvinnherad gjennomførte to turar i år. Skitur til Røldal skisenter og padlilng i skjergarden rundt Halsnøy.



Kajakktur Kolsøy og løkjelsøy. 2-4 Juni 2023.

Turen starta frå Toftevågen. Me var 3 voksne og 4 barn. Kajakkane lånte me av Perlo kajakklubb.

Første etappe gjekk til Kolsøy, der me slo opp telt og overnatta til neste dag. På kvelden laga me bål og spidda pølser. Fint vêr og fullmåne. Kolsøy er ei flott øy og campe på, det er tilrettelagt for besøkjande. Neste dag padla me mot Løkjelsøy og igjen kom me til ein nydelig plass med fin badestrand, igjen ein plass tilrettelagt for besøkjande som oss. Me slo opp telta våre og vart der til neste dag. Me brukte tida til bl. a å øva på kameratredning med kajakkene. Litt synd var det at det ikkje passa for nokon av Perlo sine medlemmer å vera med på denne turen. Litt utpå søndagen pakka me i kajakkene og padla inn til Sæbøvik og avslutta turen der. Finvær heile helga. Turleiarar Jan Øvstebø og Siv Framnes.



Slalomtur til Røldal 18.mars.

I alt 7 ungdommar i alderen 13-16 år vart henta med minibuss i Uskedalen, Herøysund og på Husnes. Frå fåkelag Kvinnherad vart vi møtt med sol frå skyfri himmel i Røldal. Ungdommane fekk utfalda seg med ulike vanskelighetsgrader i bakken, Ein god dag i bakken med intensiv slalomkjøring og moro i lag med ungdommane. Turleiarar Siv Framnes og Atle Thoresen.

## Årsmelding 2023 Seniorgruppa

### STYRET

Styret i turlaget si seniorgruppe 2023:

ORHOLM, Arnt – leiar  
OPSANGER, Jan Helge  
SKAALUREN, Jan Martin  
SPJELKAVIK, Sigmund  
TJELMELAND, Toril

Styret har hatt 1 møte, i tillegg eit saman med alle turleiarane i samband med turprogrammet for 2024. I tillegg har det vore kontakt via e-post og telefon om særskilde saker.

### TURLEIARAR

Dette er ei stabil gruppe der samtlege tek del i å leia på turane våre.

Vi har i løpet av året fått ein ny turleiar, LINDSETH, Anne Grethe, som flytta til Kvinnherad, meldte seg inn i Turlaget, og er turleiar i Seniorgruppa. Velkommen!

Vi er dermed 21 turleiarar i Seniorgruppa og AKTIV i 100 som er godkjende og som har vore aktive i 2023:

BJØRGEN, Kjell Ivar; FENNE, Hermund; FOSSHEIM, Helga; FOSSHEIM, Jarle; HANDEGARD, Marita; HAVELAND, Elling; KLEVEN, Steinar; KROKA, Steinar; LIEN, Elin Hvidsten; LINDSETH, Anne Grethe; MEYER, Rita Martens; OPSANGER, Jan Helge; ORHOLM, Arnt; RØSSLAND, Helen Sandvik; SANDVIK, Solveig Hellesø; SKAALUREN, Jan Martin; SPJELKAVIK, Sigmund; STØLE, Nils Olav; TEIGEN, Elbjørg Johanne; TJELMELAND, Toril; VAAGE, Ivar.

Desse 5 er i tillegg sommarturleiarar:

BJØRGEN, Kjell Ivar; FENNE, Hermund; KROKA, Steinar; OPSANGER, Jan Helge; SKAALUREN, Jan Martin

Turleiarane er grunnfjellet for aktivitetane våre og heilt avgjerande for ei god gjennomføring av turane.

Dette er ein stabil gjeng som står på slik at Seniorgruppa skal ha varierte og kjekke turar. Utan "ståpåvilen" til turleiarane våre, vert det ikkje noko aktivitet i Seniorgruppa.

### TURAR

I 2023 hadde vi planlagt 21 ordinære seniorturar, inkludert 1 overnattingstur.

På grunn av forholda, vart fleire av dei oppsette turane endra og gjennomført til andre turmål.

Men som vanleg, vi har ikkje avlyst turar i år heller.

15. februar	Hattebergsdalen (Rosendal)	41 deltagarar
01. mars	Klostermarka (Halsnøy)	46 deltagarar
15. mars	Erslandsvatnet (Sandvoll)	37 deltagarar
29. mars	Fatland/Syndnessåta (Halsnøy)	37 deltagarar
12. april	Kjeldestøl/Skålafjell/Sjethaug	32 deltagarar
26. april	Borgundnuten	30 deltagarar
10. mai	Postvegen Etne - Skånevik	24 deltagarar
24. mai	Kviteggjo (Seim – Omvikdalen)	20 deltagarar
07. juni	Blånuten (Hatrestrand)	21 deltagarar
21. juni	Bjørndalssetra (Rosendal)	21 deltagarar
09. august	Aterstad/Klovet (Omvikdalen)	13 deltagarar
21 – 25. august	Liseth (Hytteovernattning)	28 deltagarar
06. september	Jonstein (Jondal)	18 deltagarar
13. september	Jordalsstølen (Odda)	31 deltagarar
20. september	Sanden, Bondhusvatnet (Sundal)	8 deltagarar
27. september	Bjellandsneset (Sunde)	21 deltagarar
04. oktober	Fjellandsbø (Uskedalen)	24 deltagarar
18. oktober	Daurmålsaug (Ænes)	34 deltagarar
01. november	Opsangereneset/Toraksla (Sunde)	34 deltagarar
15. november	Langelivatnet, Tveitedalen (Utaker)	35 deltagarar
29. november	Kaldestadåsen (Husnes)	51 deltagarar

Siste turen for 2023 gjekk til Kaldestadåsen, via Trollskogen og Fenafjell. Etter turen samla vi oss hos Gry Helges for mat og litt sosialt samvær. Turprogrammet for 2024 var klart, og utdelt til alle som var med.

Deltakinga har gått litt opp samanlikna med 2022, og vi må seia oss nøgde når vi i snitt har 28,8 deltagarar pr. tur.

Vi ser fram til ein god og variert tursesong i 2024, der vi har planlagt mange varierte og spanande turar fordelt over store delar av kommunen, og nokre ut av Kvinnherad.

### AKTIV I 100

Denne aktiviteten er i utgangspunktet eit tilbod til dei som har ein litt lågare terskel for deltaking enn på dei vanlege seniorturane, men deltakinga er sjølvsgåt open for alle, og det er gratis å deta på turane med Aktiv i 100.

Ved starten i 2016 hadde vi to grupper. I 2017 vart det utvida med to nye grupper, alle fire er veldig aktive og fleire med aukande deltakartal på kvar tur. Turlagsleiar Jarle Røstbø er prosjektleiar for tiltaket.

Gruppe 1 Ølve/Hatlestrand (turleiar Rita Martens Meyer og medhjelparane Marit Berge, Grethe Ljostveit, Alice Tuften, Martha Bergtun og Aud Jorunn Femsteinevik).

Gruppe 2 Handeland (turleiarar Toril Tjelmeland og Elin Hvidsten Lien).

Gruppe 3 Husnes (turleiarar Jan Helge Opsanger og Steinar Kleven). Dette er eit samarbeid med LHL, der Ingunn Mo Hardeland er kontaktperson.

Gruppe 4 Aktive seniorar (dei ordinære onsdagsturane).

Turdeltaking i alle 4 gruppene må seiast å vera bra. I tillegg til "våre turar" veit vi at det er fleire grupper som går tur i fleire av bygdene. Med ei samla turdeltaking på 2 758 personar på 129 turar, som gir eit snitt på 21,4 deltagarar pr. tur, bør vi vera godt nøgde med.

Turleiarane gjer ein imponerande innsats og dei skal ha mykje av æra for suksessen for Aktiv i 100.

I kvar gruppe er det dei same personane som er turleiarar for deltagarane på alle turdagane.

Aktiv i 100 fekk ikkje tildelt midlar frå Helsedirektoratet i 2023. Derfor sette Kvinherad Turlag av kr. 50 000 som kunne delast og brukast av dei 4 gruppene. Midlane er brukt til møter, reiser, mat og sosiale tiltak.

Vi håper at ordninga med tilskot frå Helsedirektoratet er tilbake i 2024.

Turdeltaking 2023	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	SUM
Antal personar på tur:	494	941	661	662	2 758
Antal turdagar:	34	32	40	23	129
Snittdeltaking pr. tur:	14,5	29,4	16,5	28,8	21,4

Vi takkar alle som har vore med seniorgruppa og Aktiv i 100 på tur i 2023, og ynskjer vel møtt til nye turar i 2024

## Årsmelding Fjellsportgruppa

Fjellsportgruppa hadde planlagt fem turar i 2023 og gjennomførte ein tur.

16.april arrangerte vi ein skitur som gjekk frå Eikedalen over Englafjell til Handelandshorga om Mjelkhaug og ned til Valen. Strålande sol og gnistrande skiføre. 21 deltagarar.

Me kjem sterkt igjen i 2024.

## Hyttetilsyn Fagnabu



Fagnabu har festa seg som eit viktig turmål i kommunen både vinter og sommar, det er blitt ein kjekk møteplass for store og små året gjennom. Det er ein god dugnadsgjeng som står på og som har gjort mange forbeteringar på stien og hytta; bl.a ny omn, lyssetting, bord m.m. Eit par karar rykte ut nyttårsafta og høvla ned døra på utedoen slik at denne skulle vere lettare å opne! Godt samarbeid med Fjellhaugen skisenter med bl.a. innkjøp og utplassering av stikker til å merke rundt Reikatindane. = sikkerheit.

14 frivillige frå Kvinnherad Turlag har vore med på tilsyn ved dagsturhytta Fagnabu.

Det er mange som besøkjer hytta gjennom året, sommar som vinter. Mannskap fra skitrekket har laga spor opp til hytta og rundt Reikatindane har ført til at mange har besøkt hytta vinterstid. Tusen takk til dei for godt samarbeid

Flott samarbeid og med Kvinnherad kommune v. Kristian Helgesen.

Mykje er og gjort av dugnadsarbeid v hytta:

Nytt \*tørkestativ over ovn.

montert tidsbrytar lys (30min)

belegg gulv ved glasvegg gavl

Transport av vedsekker, 10stk

Jubileumstur til Fagnabu

Beslag vindu gavl

Reparasjon av dodør (treng utbetring)

10 storsekker shingel rundt hytta .

Brubygging. SKL stilte med gratis helikoptertransport

Takk til alle som har gjort dugnad i og rundt Fagnabu .

Helsing Helge Furdal

# Årsrapport for hytteutvalet Breidablikk og Fonnabu 2023

## Hytte tilsyn / Dugnad 2023

Nils Gausvik	5472 Seimsfoss
Anne Kari Enes	5460 Husnes (kontaktperson)
Geir Eidsvik	5463 Uskedalen
Siv Framnes	5463 Uskedalen
Helge Furdal	5472 Seimsfoss
Geir Nes	5470 Rosendal
Rolf Christian Mehl	5470 Rosendal
Ole Vidar Monsen	5470 Rosendal
Terje Hellingsrud	5470 Rosendal

## Besøkstal

Årstal	Fonnabu		Overn.døgn totalt bge hyttene	Breiblikk		overn.døgn	dagsbesøk
	1974	1996		dagsbesøk	Breiblikk		
2000	541	402	943		337		
2001	461	342	803		402		
2002	502	629	1131		620		
2003	487	434	921		286		
2004	380	392	772		266		
2005	521	402	923		213		
2006	435	363	798		302		
2007	370	299	669		120		
2008	366	413	779		124		
2009	301	451	752		157		
2010	296	422	718		175		
2011	251	306	557		131		
2012	219	390	609		130		
2013	260	367	627		173		
2014	250	341	591		183		
2015	280	337	617		139		
2016	327	500	838		147		
2017			980		181		
2018			1131		179		
2019			692		159		
	ant.besøk						
2020	547	660	22	71	54	32	
2021		1056	858	79	49	30	
2022		901	744		53	75	
2023		941	835		91	117	

Det har vore ein liten auke i talet på besøkande og overnattingsdøgn frå 2022.

I år fekk vi med tre nye personar i hytte tilsynet. Det er eit godt tilskot! Ole Vidar, Geir og Rolf Christian gjer ein god jobb med tilsyn og hjelp under dugnadene. Dei har fått opplæring under dugnadene i juli og oktober.

Vi ser at bruksesongen ser ut til å vere utvida samanlikna med tidlegare år, i tillegg til at vi har "nye" besøkjande, som ikkje er kjent med dei verharde forholda som påvirkar bygningane. Det har vist seg at vindu og dører, ventilator m.m. ikkje vert aktsamt lukka, og ver og vind tar tak. Dette medfører at vi må ha oftare tilsyn og då er det bra at vi er fleire som deler på oppgåva.

I oktober fekk vi melding frå Erlend Hellingsrud som var på dagstur 25.10. om at eit vindu var blåst inn og eit stoveglas blåst ut i kjøken og stove i Fonnabu 1974. Vinden hadde tatt godt tak, det var full gjennomtrekk og mykje inventar var knust og kasta utover golvet. På dugnad 27.-28.okt. vart det meste fiksa. Solcellepanel var blåse ned og knust. Mykje mediemarksemeld omkring dette.

## Hyttevert

Det har vore hyttevert tilstades i kortare periodar denne sommarsesongen. Vi ønskjer at denne ordninga held fram.

## Dugnader

- 1.-2. april Dugnad: Nils, Siv, Johnny og Anne Kari. Opprydding, reparasjonar og utvask etter at det var meldt om store snømengder i hytta, problem med ytterdør og vindushengsler.
- 29.-30. april Tilsyn, safe, boshandtering m. Anne Kari
- 19.-20.mai Dugnad: Nils, Siv, Anne Kari. Klargjering til transport (bos til retur, teljing,, rydding m.m.).
- 24.-25. juni Tilsyn, handtering bos, safe m.m. Anne Kari

7.-9. Juli Stordugnad: Nils, Siv, Geir E., Terje, Helge, Geir N., Ole Vidar, Rolf Christian. Marit Djupvik frå BHT hyttedrift var med. Transport av ved, proviant og gass. Nedvask, skifte sengetøy, reparasjonar. Monterte ny takrenne over inngang / gasskap.  
Maling nye-hytta. Maling steinbu.

1.august Tilsyn. Nils

4.-5. august Tilsyn. Bos, rydding, m.m. Nils og Anne Kari

30.-31.august Tilsyn, Geir E. og Kari. Grundig vasek I hyttene etter mykje besøk og mange som ikkje gjer reint etter seg.

27.-28. oktober Dugnad, tilsyn og reparasjonar etter omfattande vindskader. Nils, Geir E., Geir N., Rolf Chr., Ole Vidar, Helge og Anne Kari. Johnny Bjørge, hyttesjef i BHT var med.

30.-31.desember Dugnad / tilsyn etter uvêr. Geir N., Ole Vidar og Rolf Chr. Inspeksjon alle hyttene Breidablikk og Fonnabu.

Dugnad utanom: transport av boss på retur til SIM, levering og henting av sengetøy til/frå vaskeriet, pakking og transport av ved, pakking og transport av proviant. Henting av utstyr til transport, gassflasker I retur / byte m.m. Denne dugnaden utgjer tre dagsverk

Jamnleg tilsyn frå mars til desember med safetømming, bosbrenning, sjekke / byte gassflasker, sjekke hytteventilatorer, brannvarslingsanlegg, solcelleanl., rydde matbod, Det er sendt rapport etter kvart tilsyn til BHT.

#### **Hyttestatus**

##### **Fonnabu 1974 / Fonnabu I**

Vindu i kjøken og stove må skiftast, er provisorisk reparert i oktober.  
Ein del kjøkeninventar vart knust og øydelagd i stormen. Dette må erstattast.

Fukt / soppeskade over og rundt ventil på "hunderom" (tidlegare proviantrom)

#### **Uthus / do**

Låsen på døra til uthus/do må skiftast. Døra er vanskeleg å lukke og held seg ikkje lukka. Provisorisk løysing no.

Det kjem ein del snø inn og gjer at veden og anna utstyr vert våt ved snøsmelting.

Lys på do/uthus fungerer ikkje stabilt.

Slik det er i dag og med forventa auka besøkstal og no større hytte, vert det for lite plass i uthuset til å lagre ved, boss og diverse utstyr.

Driftsansvarleg i BHT har (slik vi forstår) planar om å bygga nytt uthus for betre plass og for å unngå snøinntrening.

Bestilt og fått levert 110 sekker ved til Fonnabu og Breidablikk.

Steinbua vart beisa.

##### **Fonnabu 1996 / Fonnabu II**

hytta vart beisa.

Do/vedbu vart beisa.

Skade etter stormen på solcelleanlegg. Brannvarslingsanlegg har midlertidig batteriløysning. Pipebeslag forsvann i vinden.  
Vinduslåsane er for svake og held ikkje vindauga skikkeleg lukka. Det er framleis problem med fukt på golv i stova.

Det er elles utført vanleg dugnad med nedvask, og naudsynt vedlikehald.

#### **Pyttebu**

Denne hytta fungerer godt når det elles er fullt, den har to sengeplasser.

Pyttebu vart totalrenovert i 2021. Er i orden.

#### **BREIDABLIKK**

Her er det utført vanleg tilsyn, tömming av safen, rydding og nedvask.

Påfyll med ved og gass.

Tilkomstdeksel/luke utvendig over dokum var blåst vekk. Provisorisk reparert. Må få laga ei betre luke.

Hjørnebord på uthus vart avrive i stormen som herja i haust.

Må byte låskasse frå gangen og inn i hytta.

Lås/slå på døra til vedbu/do fungerer ikkje.

#### **Stien Bondhus/Fonnabu**

Stien er varda. T-merking mellom Breidablikk og Fonnabu er friska opp. Det er behov for å friske opp T-merking på ruta mellom Gardhammar og Breidablikk.

**Plan for 2024:**

Fonnabu:

Rydde gamle bølgeblekksplater frå tak og veggar på "gamlehytta". Desse har vore nedsteina sidan 1975. No vil vi rydda og transportera desse ned, transporten må planleggast.

Er bestilt 100 sekker ved hos Geir Nes for -24

Tømme forbrenningsomn

Nytt solcellepanel

Nye vindu kjøken og stove

Brannvarslingsanlegg gamlehytta. Behov for batteridrevne, ikkje serie-kopla.

Nytt pipebeslag

Ny dør til vedbod/uthus

Vindu: alle vinduslåsane er for svake og bør bytast. Reklamasjon?

**Markera 50 års jubileum av Fonnabu 1974.**

Breidablikk:

Skap med hyller til reiskap i uthus er ønskjeleg. Til verktøy m.m. Material vart frakta opp i -23.

Rydding uthus.

Behov for å beise hytta i år.

Utbetra vannskade ved pipe i gangen. Behov for pipebeslag over tak.

Takk til dei frivillige for alt arbeidet som vert gjort med dugnad på hyttene!

Husnes 29.01.2024

For hytteutvalet

Anne Kari Enes

## Rekneskap

### Resultatregnskap

Kvinnherad Turlag

2023 sammenlignet med 2022

Kvinnherad Turlag

Bergen og Hordaland Turlag



	2023	2022	Diff %	Hittil i år	Hittil forrige år	Diff %
Salgsinntekt	701 237	615 141	14%	701 237	615 141	14%
Annen driftsinntekt	42 912	35 777	20%	42 912	35 777	20%
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>744 149</b>	<b>650 918</b>	<b>14%</b>	<b>744 149</b>	<b>650 918</b>	<b>14%</b>
Varekostnad	592 732	399 400	48%	592 732	399 400	48%
Annen driftskostnad	224 838	142 415	58%	224 838	142 415	58%
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>817 569</b>	<b>541 815</b>	<b>51%</b>	<b>817 569</b>	<b>541 815</b>	<b>51%</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-73 421</b>	<b>109 103</b>	<b>-167%</b>	<b>-73 421</b>	<b>109 103</b>	<b>-167%</b>
Annen finansinntekt	14 390	3 900	269%	14 390	3 900	269%
Annen finanskostnad	7 178	10 734	-33%	7 178	10 734	-33%
<b>Netto finansposter</b>	<b>7 212</b>	<b>-6 834</b>	<b>206%</b>	<b>7 212</b>	<b>-6 834</b>	<b>206%</b>
<b>Resultat før skatt</b>	<b>-66 209</b>	<b>102 269</b>	<b>-165%</b>	<b>-66 209</b>	<b>102 269</b>	<b>-165%</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>-66 209</b>	<b>102 269</b>	<b>-165%</b>	<b>-66 209</b>	<b>102 269</b>	<b>-165%</b>
Årsresultat		102 269	-100%		102 269	-100%
<b>Udisponert overskudd/underskudd</b>	<b>-66 209</b>	<b>0</b>		<b>-66 209</b>	<b>0</b>	

# Balanse

Kvinnherad Turlag

per søndag 31. desember 2023

Kvinnherad Turlag

Bergen og Hordaland Turlag



31.12.2023

## Eiendeler

### Omløpsmidler

#### Fordringer

Kundefordringer	-10 302
-----------------	---------

#### Sum Fordringer

-10 302

#### Bankinnskudd, kontanter o.l.

Bankinnskudd, kontanter o.l.	1 695 030
------------------------------	-----------

#### Sum Bankinnskudd, kontanter o.l.

1 695 030

#### Sum Omløpsmidler

1 684 727

#### Sum Eiendeler

1 684 727

## Egenkapital og gjeld

### Egenkapital

#### Innskutt egenkapital

Selskapskapital	1 620 235
-----------------	-----------

#### Sum Innskutt egenkapital

1 620 235

#### Opptjent egenkapital

Annen egenkapital	102 269
-------------------	---------

Udisponert overskudd/underskudd 2023	-66 209
--------------------------------------	---------

#### Sum Opptjent egenkapital

36 059

#### Sum Egenkapital

1 656 294

### Gjeld

#### Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	25 727
-----------------	--------

Annen kortsiktig gjeld	2 706
------------------------	-------

#### Sum Kortsiktig gjeld

28 433

#### Sum Gjeld

28 433

#### Sum Egenkapital og gjeld

1 684 727

"

## Budsjett

Inntekter	Utgifter	
Medl.kontingent	79 000 Kurs Utdanning	150 000
Aktivitetar Hovudlag	5 000 Turleiarsamlingar	40 000
Kajakk	5 000 Møte	15 000
Barnas Turlag	10 000 Turprogram	0
DNT Ung	5 000 Utstyr	90 000
Fjellsport	0 Aktiv i 100	60 000
Senior Aktiv i 100	0 Annonser	55 000
Stønad	130 000 Telefon	9 600
Grasrot	13 000 Husleige/ straum	11 000
Turprogram	0 Fjelltrimmen	25 000
Fjelltrimmen	1 500 Gåver	24 000
Mva Kompensasjon	45 000 Aktivitetar	150 000
Kvinnherad kulo	0 X	0
Eigne midlar	336 100 Eigne midlar	
Total sum	629 600 Total sum	629 600

